



## Fortel oss korleis du opplever heimetenestene til kommunen!

Snart vil du få ei spørjeundersøking i posten. Ho handlar om erfaringane dine med heimetenestene til kommunen. Tilbakemeldinga di er viktig for oss, og vi håper du vil delta. Dess fleire som svarer, dess meir verdifull blir undersøkinga. Resultata vil òg vere nyttige for dei som er ansvarlege for tenestene, både lokalt og nasjonalt.

### Formålet med undersøkinga er

1. å danne utgangspunkt for å kunne utvikle ei nasjonal spørjeundersøking
2. å avdekkje om vi stiller dei rette og mest relevante spørsmåla
3. å avdekkje om undersøkinga er brukarvennleg, det vil seie klar og tydeleg
4. at kommunen skal kunne bruke resultata til å gjere heimetenestene betre

### Kvifor blir du spurd om å delta?

Kommunen din er trekt ut til å delta, og alle som får heimetenester, blir spurde om å svare på undersøkinga.

### Kva handlar spørsmåla om?

Spørsmåla handlar om korleis du opplever heimetenestene, og korleis du opplever kommunen som tenesteytar.

Ettersom dette er ei pilotundersøking, stiller vi deg òg nokre ekstra spørsmål om korleis du opplever spørjeskjemaet og undersøkinga.

### Korleis svarer du?

Du får undersøkinga i posten saman med eit brev med nødvendig informasjon. Dersom du ønskjer det, kan du gi svara elektronisk.



### Er det frivillig å delta?

Det er frivillig å svare på undersøkinga, men kvaliteten på undersøkinga blir betre dess fleire som deltek.

### Korleis blir personvernet vareteke?

Undersøkinga er anonym. Ingen får vite om du svarer, eller kva du svarer. Informasjon frå undersøkinga blir oppbevart under sikra forhold, og alle partar som arbeider med undersøkinga, har teieplikt. Det vil komme meir informasjon om dette når du får sjølve undersøkinga.

### Kva gjer du dersom du ikkje vil delta?

Dersom du har fått undersøkinga, men ikkje ønskjer å delta, treng du ikkje gjere noko som helst. Du kjem likevel til å få to påminningar om å svare. Dette er fordi undersøkinga er anonym. Det vil seie at dei som gjennomfører ho, ikkje veit kven som har svart.

### Kven er det som gjennomfører undersøkinga?

Desse samarbeider om undersøkinga:

- Kommunen din
- KS
- Kommuneforlaget AS
- Folkehelseinstituttet
- Helsedirektoratet

### Har du spørsmål eller ønskjer meir informasjon?

- Spørsmål kan stillast til Folkehelseinstituttet ved Ingeborg Stømseng Sjetne på tlf. 21 07 73 17.
- Meir informasjon finn du på [bedrekommune.no](http://bedrekommune.no).

Vennleg helsing

Hanne Narbuvoold  
avdelingsdirektør, Avdeling for statistikk  
Helsedirektoratet